



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Anne Karin Hamre
Telefon: 57 65 51 08
E-post: akh@fmsf.no

Vår dato
01.10.2010
Dykkar dato
26.04.2010

Vår referanse
2010/1971 - 320
Dykkar referanse

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Høyring - forslag om lovfesting av samkommunemodellen

I høyringsnotatet frå KRD av 26.04.2010, vert det mellom anna vist til følgjande utviklingstrekk som underbyggjer behovet for ein ny modell for interkommunalt samarbeid: Kommunane vil møte store kompetanseutfordringar på ulike tenesteområde. Fleire kommunar har problem med å rekruttere kompetent personell for å løyse dei lovpålagde oppgåvene. Det har vore store endringar sidan førre høyringsrunden om samkommunemodellen i 2005, ma. vil samhandlingsreforma representere ei ny utfording for kommunane. For eigen del vil vi leggje til at betre infrastruktur har opna for større bu- og arbeidsområde, der stadig fleire innbyggjarar får tilgang til tenester og arbeid i nabokommunar.

Vi er samde i at det er behov for å utgreie moglege løysingar på dei utfordingane møter med omsyn til kompetansekrejande oppgåver, og vil under tvil tilrå at samkommunemodellen vert lovfesta. Når den rådande politikken ikkje opnar for ei kommunestrukturreform, kan samkommunemodellen vere ein pragmatisk måte å løyse krevjande oppgåver på tvers av kommunegrenser. Samkommunen vil kunne gje ei meir heilskapleg og samordna oppgåveløysing enn kva eksisterande samarbeidsmodellar gir rom for. Vi vil samstundes oppmøde om at det vert arbeidd med økonomiske stimuleringsordningar for kommunar som vurderer samanslåing.

Før vi går inn på dei tre punkta departementet særskilt ynskjer høyringsinstansane sitt syn på, har vi følgjande generelle uttale til den føreslåtte samkommunemodellen:

I Sogn og Fjordane er det etablert ei rekke interkommunale samarbeidsløysingar. Positive effektar har vore meir robuste fagmiljø, stordriftsfordelar og færre habilitetsutfordringar. Samstundes melder kommunane at det er utfordrande å handtere fleire ulike samarbeidsmodellar dert tal deltakarkommunar varierer frå eitt samarbeidsområde til eit anna, og at det vert mykje ressursar på koordinering på tvers av kommunane. Det er såleis ei demokratisk utfording knytt til samarbeida, og dei kan vere kostandskrevjande.

Ein samkommunemodell kan bidra til ei meir stabil og heilskapleg styring av oppgåver kommunar har behov for å samarbeide om. Modellen kan og bidra til større og meir robuste fagmiljø, som vert enklare å rekruttere godt kvalifiserte medarbeidarar til. Til dømes innan planarbeid, eit område som er vorte meir krevjande med ny plan- og bygningslov og naturmangfaldlova. Kommunane har 15 plankrav som er direkte heimla i lov og forskrifter, og fleire krav og forventningar som ikkje er lovfesta. I vårt fylke registerer vi at mange kommunar manglar oppdatert planverk på fleire område. I Fornyingsdepartementet si kommuneundersøking som vart gjennomført i år, melder kommunane i Sogn og Fjordane om eit stort kompetansebehov innan plansaker etter plan- og bygningslova. Samstundes er

det vanskeleg å rekruttere personell med planfagleg kompetanse. Eksisterande samarbeidsmodellar støttar ikkje behovet leiinga i kvar kommune har for nærleik til planfeltet. Samkommunemodellen kan difor vere betre eigna til eit interkommunalt plansamarbeid.

Samstundes har samkommunemodellen fleire problematiske sider. At samkommunestyret vert etablert gjennom indirekte val, kan innebere eit svekka lokaldemokrati gjennom redusert påverknad og mindre direkte folkevald kontroll for deltagarkommunane. Modellen kan gje auka byråkratisering og dermed redusert kostnadseffektivitet. Det kan og stillast spørsmål ved om evaluering av eitt samkommuneforsøk gir tilstrekkeleg erfaringsgrunnlag for å lovfeste samkommunemodellen. Vi har merka oss uttalen til KS sitt hovudstyre om samkommunemodellen.

Under tvil vil vi likevel tilrå at samkommunemodellen vert lovfesta. Kommunane er dei seinare åra vorte pålagde fleire store og kompetansekrejvande oppgåver.

Samhandlingsreforma vil representere enno ei ny utfordring, der det er heilt avgjerande å få til samarbeid på tvers av kommunar for å lukkast. Når den rådande politikken ikkje opnar for ei kommunestrukturreform, kan samkommunemodellen vere ein pragmatisk måte å løyse oppgåver på tvers av kommunegrenser. Modellen kan og oppfattast som eit steg på veg mot ei endring av noverande kommunestruktur.

Samstundes vil vi vise til kommune- og servicestrukturreforma i Finland, som inneber at kommunane skal stimulerast økonomisk til samanslåingar på frivilleg grunnlag. I Noreg er det få økonomiske insentiv for kommunar som vurderer samanslåing. Vi vil oppmøde til at det vert arbeidd vidare med tilsvarende ordningar som i Finland.

Punkt 3.7: Samkommune med deltararar frå kommunar og fylkeskommunar

Vi er samde i at det ikkje bør opnast samkommunar med deltararar frå kommunar og fylkeskommune.

Punkt 3.8: Om krav til vedtak om å delta i ein samkommune

Etablering av ein samkommune inneber eit omfattande og forpliktande samarbeid, og må byggje på høg grad av oppslutning frå dei folkevalde. Vi meiner difor det må ligge til grunn eit krav om kvalifisert fleirtal.

Punkt 3.9.2: Samkommunen som privat rettssubjekt

Vi er samd i departementet sine vurderingar om at den rettslege handleevna til ein samkommune bør avgrensast ved at den ikkje skal kunne delta i andre samanslutningar eller etablere stiftingar mv. Føremålet med samkommunemodellen må vere å samarbeide om å løyse lovpålagde oppgåver.

Med helsing

Oddvar Flæte

Anne Karin Hamre
assisterande fylkesmann

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

